

**VEDTEKTER**  
for  
**FORELDRENE SITT ARBEIDSUTVAL (FAU)**  
ved  
**VASSENDEN SKULE**

Vedtatt av FAU 13. mai 2020

*"På kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer.*

***Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.*** Opplæringslova § 11-4.

## **1. Definisjonar**

Foreldrerådet er det same som alle foreldre og føresette til elevar ved Vassenden skule. Foreldrerådet, foreldre og føresette er heretter omtala som foreldre.

Klassekontakt er ein av foreldra i ein klasse som dei andre foreldra i klassen har vald til å representere seg.

Foreldrenes arbeidsutval (FAU) er det utøvande organ for foreldra og består av ein klassekontakt for kvart årstrinn på skulen. FAU er bindeleddet mellom foreldre og skulen.

## **2. Formål for FAU**

FAU har som formål å fremja og ivareta synspunkt og interesser til foreldra til elevar på Vassenden skule i saker som har med skulen å gjere.

FAU skal sikre reell medverknad frå foreldra og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

## **3. Val av klassekontaktar**

Val skal skje på foreldremøta i kvar klasse om våren kvart år.

- 1. klasse: Val av både klassekontakt og vararepresentant.

- 2. klasse og framover til 10. klasse: Den som vart valt som vara i 1. klasse rykker opp til å fungere som klassekontakt. Foreldremøte i 2. klasse vel ny vara. Framhald med å velje vara kvart år, som året etter vert klassekontakt.

#### **4. Kva klassekontakt skal representere sitt årstrinn i FAU**

På årssteg med ei klasse:

- Vald klassekontakt er automatisk medlem i FAU. Vara for klassekontakt er òg vara i FAU.

På årssteg med to klassar:

- Då klassane går i 1-3-5-7-9-klasse er det klassekontakten i A-klassen som er representert i FAU. Klassekontakten i B-klassen er vara til FAU.
- Då klassane går i 2-4-6-8-10-klasse er det klassekontakten i B-klassen som er representert i FAU. Klassekontakten i A-klassen er vara til FAU.

#### **3. Val av roller i FAU**

FAU konstituerer seg sjølv innan 1. september kvart år og vel:

- a) Leiar som vert vald for 1 år og skal delta i Samarbeidsutval (SU), Skulemiljøutval (SMU) og Sunnfjord kommunale foreldreutval (SKFU).
- b) Nestleiar som vert vald for 1 år og skal delta i SU, SMU og SKFU.
- c) Tredje representant til SMU som vert vald for 1 år.
- d) Skrivar som vert vald for 1 år.
- e) Vararepresentantar til rollene over vert òg vald kvart år.
- f) FAU informerer rektor om resultat av val av klassekontakt frå alle klassane og kven som skal vere FAU sine medlemmer i SU og SMU komande skuleår.

#### **5. Økonomi**

FAU har ikkje eigen økonomi.

#### **6. Møter**

- a) FAU har møte i samband med møta i skulen sitt samarbeidsutval og skulemiljøutval og elles når leiar kallar inn eller minst tre klassekontaktar krev det.
- b) Møteplan for skuleåret bør føreligge innan 1. september.
- c) Sakliste sendast medlemmene på e-post minst tre dagar før møtet.

d) FAU er vedtaksdyktig når sju av ti klassetrinn er representert.

## **7. Informasjon og dialog**

- a) Sekretær fører møtebok, som vert publisert på skulen/kommunen sitt arkivsystem når godkjent. Send til [vassenden.skule@sunnfjord.kommune.no](mailto:vassenden.skule@sunnfjord.kommune.no). Dette gjeld ikkje saker underlagt teieplikta.
- b) FAU nyttar Facebook-gruppa «Foreldrerådet ved Vassenden skule» til å informere og til å be om innspel.
- c) Klassekontaktane informerer i klassane sine om Foreldrerådet-gruppa. Dei nyttar foreldremøte og årstrinna sine Facebook-grupper eller andre naturlege arenaer til å invitere til dialog med foreldra.
- d) Ved slutten av skuleåret legg FAU fram ei oppsummering av året/årsmelding, der også saker som ikkje er avslutta og forslag til tema å jobbe vidare med, kjem fram.
- e) FAU-leiar overleverer informasjon og arkiv til ny leiar i FAU.

## **7. Teieplikt**

Forvaltningslova sine heimlar om teieplikt gjeld for klassekontaktar og deltakarar i skulens rådsorgan (opplæringslova § 15-1).

## **8. Endring av vedtekta**

Vedtektene skal gåast igjennom av FAU årleg av FAU. Forslag til endringar i vedtektene sendast skriftleg til FAU. Endringar kan vedtakast med 2/3 fleirtal på FAU-møte når minst sju av ti klassetrinn er representert.